

**Rosendal baroni og nasjonalparken har fått gundig omtale i den verdensspennande guideboka Lonely Planet og det er rett og rimeleg. Men korleis er det med Uskedalen? Jau, vi er faktisk ofra 5 liner, og nøkkelen til omtalen er Ulvanåso.**

**Det står at Uskedalen ligg 14 kilometer vest for Rosendal og at det der er eit spesielt klippefjell, Ulvanåso, som er 1247 meter og som byr på noko av den beste klippeklatring i Noreg. Ein skal ta kontakt med turistkontoret i Rosendal for detaljar, vert det opplyst.**

Noreg har ellers all grunn til å vera tilfreds med utgåva om landet i Lonely Planet. Boka er på 468 sider og biletet som vert teikna av landet vårt er både grundig og svært smigrande. Det blir karakterisert som eitt av dei vakraste land i verda.

Hardangerområdet har fått 10 sider i boka.

Historia om Lonely Planet er også fantastisk. Den tok til i 1972 då Tony og Maureen Wheeler med 5 dollar i lomma starta på ein tur gjennom Europa og Asia som resulterte i den fyrste reiseguiden. Dei selde 1500 kopiar den fyrste veka. I dag jobbar 600 med boka og dei har kontor i Australia, USA og Europa. Eit team på 3 frå England har jobba med boka om Noreg og det har slett ikkje gått føre seg med harelabbb.

Av Ola Matti Mathisen